

førsteblad.

Norsk Etnologisk Gransking.

Emnenumr. 43.

Fylke: Møre og Romsdal.

Herad: F r æ n a.

Emne: Ting til lekjedom
mot sjukdom.

Oppskr. av Hans Haukås.

adr. Elnesvågen.

A. Merk av om opskrifta er etter eiga røynsle

B. etter andre heimelsmenn.

A. Ringer.

sp. 1. Fingerringar meinte dei verna mot krampe i armane , mot forgiftning og gigt. Både menn og kvinner kunde bera slike ringar. Ser leg ringar som hadde høyrt til forfedrane hadde desse evner. Dei gjekk som lukke-fe i ætta.

Sp. 2. Dei kunde vera av massing og kopar-men mest av sølv. Dei hadde ofte eit kors utanpå. Sume kunde ha ei inngraving innvendig-ein figur -som ein trollrune og ein av bokstavane i namnet til han bar ringen.

sp. 3. Frå først av var det serleg vidfarande folk som kom med desse ringane-som sjømenn-Sidan fekk dei laga slike ringar av urmakarar-sølvsmedar o.a. Sume laga dei ogso sjølve.

Sp. 4. Sume av dei var gjort magnetiske-

Sp. 5. Slike store ringar er ikkje kjende her.

B. Armband -mot sjukdomar er ikkje kjende.

C. Hengesmykker.

Det var serleg kvinnene som bar slike kring halsen. Vedhenget var anten hjarteforma eller eit kors. Korset var sett på som vern mot alt vondt.

D. Belter: Sp.10.--11--12.

Dei var kalla Gigtbelter. Ein mann som var plaga av gigt fekk eit belte frå bror sin i Amerika. Sidan fekk dei slike frå Sverik. Dei hadde doppelte plater. Dei utanpå såg ut, som dei var av stål, dei innanpå av koppar. Dei bar dei både på kroppen og utanpå skjorte. Sum tider la dei belta i eddik. Det skulle vera for å rensa dei og for at krafta skulle halda seg.

Sp.13. At dei la hengesmykker, ringer eller armband i eddik er ikkje kjend.

E. Øyre-ringar+

Sp.14. Ogso menn brukte øyre-ringar i eldre tid. Dei var 15.

glatte med ei lita kule i eine enden. I kula var eit hol.

Andre enden var spiss som ei nål. Dei hadde ikkje stein.

Dei var av massing eller sølv. Dei hekk gjennom eit hol i øyra. Dei hadde ein å hjelpe seg første gongen med å stikka den spisse enden gjennom øyreflippet, so sette dei spissen inn i holet på kula og kneip saman.

sp.16. Døi hadde ringar i både øyro.

Sp.17. Ringane skulde hjelpe både mot hodeverk, for kjølelse og for å verna synet.

sp.19. Det same gjaldt for kvinner.

F. Ømse ting.

Sp. 20--21.

Det var dei mest ulike ting folk trudde kunde hjelpe

og verna mot sjukdomar. - ein blank daler lagt på brøstet

ein løk i lomma- ei lita bønebok-sume gjekk med ein hesteskosau i lomma til vern mot vondé ånder.

Sp.22. Døi vanlege namn var: Vartegn--Vardøgle.